

## Rettleiing ved melding om overføring/fusjon

### Skjemaet gjeld

Skjemaet gjeld melding om overføring/fusjon av varemerke-, design- eller patentrett. Vi noterer endringa dersom skjemaet er korrekt utfylt. I motsett fall vil vi avvise endringa, og skjemaet må innleverast på nytt. Vi godtek kopi av skjemaet så sant opplysningane i kopien kjem tydeleg fram.

Det er ikkje krav om dokumentasjon som viser overføringa/fusjonen. Dokumentasjon som er på over 15 sider, ber vi om å få elektronisk.

Dersom det er fullmektig i saka, må du leggje ved fullmakt underteikna av den nye søkjaren/innehavaren.

### Fagområde

Kryss av for om dei oppførte rettane høyrer til varemerke-, patent- eller designområdet. Du kan ikkje føre opp rettar for meir enn eitt område per skjema.

### Nummer på rettar

Du må føre opp søknads-, registrerings- eller patentnummer for den retten som er overført. I tillegg ber vi om at du tek med varemerke-, design- eller patentnemning. Gjeld overføringa fleire rettar enn det er plass til i feltene for rettsnummer, ber vi om at du legg ved ei liste over dei andre rettane.

### Delvis overføring

Omfattar overføringa berre delar av ein designrett, må dette spesifiserast. For slike overføringar må dokumentasjon leggjast ved. Vidare må omfanget av overføringa gå klart og tydeleg fram. Det er mogleg å dele ein varemerkesøknad/-registrering og overføre delane separat som ei heil overføring av ein delt rett. Det er ikkje mogleg å overføre ein patentrett delvis.

### Fusjon

Kryss av dersom endringa gjeld ein fusjon.

### Tidlegare søkjar/innehavar

Du må føre opp namn og adresse til den som har overført retten. Dersom den tidlegare innehavaren har eit kundenummer hos Patentstyret, kan du skrive det opp.

### Ny søkjar/innehavar

Du må føre opp namn og fullstendig adresse til den nye innehavaren. Om han/ho har vore kunde hos Patentstyret tidlegare, kan du skrive opp kundenummeret.

### Fullmektigverv

Dersom det er fullmektig i saken, må de sende inn fullmakt som stadfester at fullmektigen representerer den nye søkjaren/innehavaren. Det er altså nødvendig å sende inn ny fullmakt, både dersom fullmektigen er den same som før overdraginga og dersom det er ny fullmektig i saken.

### Sendar og underskrift

Sendaren må føre opp namn/føretaknamn med blokkbokstavar. På søknadsstadiet er det berre søkjaren eller fullmektigen hans/hennar som kan signere og sende inn melding om overføring/fusjon. Når merket eller designen er registrert eller patent gitt, kan innehavaren, den som rettane er overførte til, eller ein fullmektig som representerer ein av desse, underteikne og sende inn meldinga.

Om sendaren har eigen referanse knytt til meldinga, ber vi om at den blir ført opp. Søkjaren/innehavaren eller fullmektigen hans/hennar må underteikne skjemaet.

### Forretningsløyndomar

Du kan be om at forretningsløyndomar ikkje vert offentleggjorde. Ei slik oppmoding må vere skriftleg. I tillegg må du tydeleg markere kva for opplysningar i dokumentet som du ikkje vil at vi skal offentleggjere. Vi vil deretter vurdere om vi kan unnlata å offentleggjere opplysningane.

### Personopplysningar

Styrelova og patent-/design-/varemerkelova krev at ein sender inn visse personopplysningar. Patentstyret behandlar desse opplysningane med elektroniske hjelpemiddel i samband med registrering og journalføring i dei registra vi administrerer. Eit av formåla med registreringa og journalføringa av personopplysningar er at innehavarane skal kunne bevise overfor tredjemenn at dei er innehavar av retten. Opplysningane er offentlege og vil bli utleverte blant anna i samband med førespurnader om utskrift frå registeret. Opplysningane vil også bli gjorde tilgjengelege for andre, for eksempel ved online oppkopling mot basen. Når det blir kravd, vil Patentstyret rette feil og gi innsyn i alle personopplysningar som er førte inn om einskildpersonar.